



Hadeland dialekt- og mållag

Innkalling til årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag

måndag 15. februar 2021 kl. 19.00-20.30

Digitalt årsmøte på <https://whereby.com/lokallag>

Vi håper å få ei helsing frå leiar i Noregs Mållag i starten.

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Konstituering
3. Årsmelding 2020
4. Rekneskap 2020
5. Årspengar 2022
6. Innkomne forslag*
7. Arbeidsprogram 2021
8. Val

*Innkomne forslag må vere styret i hende 8. februar 2021.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste er sendt alle medlemmene 1. feb. 2021.

Innstilling: Innkalling og sakliste er godkjend.

2. Konstituering

Innstilling: Som ordstyrar vel årsmøtet Reidun R. Sørensen.

Som møteskrivar vel årsmøtet Vemund Viken.

Til å godkjenne protokollen vel årsmøtet to frammøtte medlemmer.

3. Årsmelding 2020

Styret sitt framlegg til årsmelding for 2020 ligg ved innkallinga.

Innstilling: Årsmeldinga er godkjend.

4. Rekneskap 2020

Prosjekt 410 *Vinje i ei ny tid*

Prosjekt 411 *Vinje i media*

Prosjekt 420 *Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland*

Prosjekt 430 *Diktet og Draumen*

Prosjektrekneskap, resultatrekneskap og balanse vil bli kontrollert av ettersynsmann Helge Midttun.

Innstilling: Rekneskapen er godkjend.

5. Årspengar for 2022

Tilrådd sats for lokallaga er frå 2022 kr 60 for både hovud- og familiemedlemer, men laga står fritt til å vedta eit anna beløp.

Styret foreslår å sette ned vår lokale kontingent frå 50 (som vi har i 2021) til 40 fordi NM sentralt har auka sin del av kontingenten.

Innstilling: Årsmøtet i Hdml vedtek kr 40 som årspengar for 2021 for hovudmedlem, familiemedlem og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.

6. Innkomne forslag

7. Arbeidsprogram 2021

Styret sitt forslag til arbeidsprogram ligg ved innkallinga.

Innstilling: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet som rettleiande for styret.

8. Val

Alle kandidatane er spurt på førehand, har takka ja til tillitsvervet og veit kva for oppgåver som følgjer med.

Valnemndas innstilling blir lagt ved innkallinga.

Innstilling: Årsmøtet vedtek innstillinga, sjå tabell.

1. februar 2021

Styret

Vedlegg:

Sak 3 Styrets framlegg til årsmelding for 2020

Sak 4 Resultatrekneskap for prosjekta

Sak 4 Resultat 2020

Sak 4 Balanse 2020

Sak 7 Styrets framlegg til arbeidsprogram 2021

Sak 8 Val, innstilling frå valnemnda og styret